LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 31.08.2017 |
| Vår: 17/2086 - 17/24524 | Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no | |

# Oversender søknad til uttale - gbnr 234/22 Eide ytre

| | |
|---|---|
| Byggjestad: | Gbnr: 234/22 |
| Tiltakshavar: | Svein Veland |
| Ansvarleg søkjar: | Sivilingeniør Atle Sundal |

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av uthus. Tiltak i strid med arealføremål og føresegner i kommuneplan for Lindås kommune
Det ligg føre nabomerknad frå eigar av gbnr. 234/49 i saka.

**Planstatus**
Eigedommen er omfatta ar kommuneplan for Lindås kommune. Areal er avsett til fritidsbusetnad, men det er gjeve dispensasjon i tidlegare sak på eigedommen for oppføring av bustad, garasje og anneks på eigedommen.
Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA. Samla bruksareal skal ikkje overstige 120 $m^2$.

**VURDERING**

**Dispensasjon**
Det vart i møte i Plan- og miljøutvalet den 18.06.2014 gjeve dispensasjon for oppføring av bustad, garasje og anneks på eigedommen. Utbygginga vart godkjent med totalt BRA på om lag 371 $m^2$ bruksareal og 260 $m^2$ bygd areal, og utnyttingsgrad på 11,5 % BYA. Tiltaket er igangsett, men ikkje ferdigstilt.

Det søkast no om dispensasjon for oppføring av ytterlegare bygging på eigedommen, eit uthus på 49 $m^2$.

Etter ei førebels vurdering er byggjesak negativ til å gje dispensasjon for ytterlegare bygging enn det som allereie er tillate. Det er allereie gitt løyve til bygging av 3 gonger så stort bruksareal som det er opna for i kommuneplanen. Utnytting av eigedommen er likevel fortsatt låg, då det er ein stor eigedom.
Byggesak er i utgangspunktet negativ til å gje ytterlegare dispensasjonar for eigedommen då det allereie er gjeve løyve til langt meir enn kva kommuneplanen opnar for. Som eit minstekrav bør ein vente til allereie igangsette tiltak er ferdig oppført og godkjent før ein vurderer å gje nye dispensasjonar på eigedommen.

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

Det går ikkje klart fram av søknaden kvar uthuset skal plasserast og korleis det vil sjå ut. Byggesak meiner likevel tiltaket er tilstrekkeleg opplyst til at saka kan sendast til uttale hjå anna mynde då søknad om dispensasjon først og fremst dreiar seg om grad av utnytting i forhold til plan.

Vi sender med dette saka til uttale og ber om attendemelding i saka.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Per Sveinar Morsund<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om dispensasjon - gbnr 234/22 Eide ytre
Illustrasjon av godkjent tiltak med busta, anneks og garasje
Illustrasjon av omsøkt tiltak sammen med bustad, anneks og garasje
Kvittering for nabovarsel med vedlegg
Utsendt nabovarsel med vedlegg
Klage vedrørende dispensasjonssøknad frå Åse Espedahl og situasjonsplan

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sivilingeniør Atle Sundal | Kanalveien 64 | 5068 | BERGEN |
| Svein Veland | Godalstunet 17 F | 4015 | STAVANGER |
| Åse Janichen Espedahl | Sætervegen 33 | 5236 | RÅDAL |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Frøydis Ones | | | |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |